

Ny lokalisering av Radøy bibliotek

Bakgrunn

Lov om folkebibliotek

§ 1.Målsetting

Folkebibliotekene skal ha til oppgave å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medier gratis til disposisjon for alle som bor i landet.

Folkebibliotekene skal være en uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt.

Det enkelte bibliotek skal i sine tilbud til barn og voksne legge vekt på kvalitet, allsidighet og aktualitet.

Bibliotekenes innhold og tjenester skal gjøres kjent.

1. januar 2014 vart det gjort gjeldande viktige endringar i Lov om folkebibliotek. Biblioteka skulle ikkje lengre berre vere stader der ein fekk tilgong til litteratur, men også stader der befolkninga skulle kunne møtast og få ein prat, få kulturelle opplevingar av mange slag, ta del i samfunnsdebatten, drive med ulike aktivitetar eller rett og slett stikke innom for å ta seg ein pust i bakken.

Endringane i bibliotekslova kravde ikkje berre at dei som jobba i biblioteka måtte tenke nytt, men sette også nye krav til det fysiske biblioteket. Lokaliseringa av biblioteket vart viktigare, då biblioteket no skulle verte meir synleg, verte universelt tilgjengeleg, ha tilgong til tenestene også utanom opningstid, ha automatiserte utlånssystemer og kunne marknadsføre tilboda sine ute i det offentlege rom.

Samla sett har dette ført til endringar som også bør få konsekvensar for Radøy bibliotek.

Status for Radøy bibliotek

Fysisk plassering

Biblioteket ligg no i gongavstand frå det som ein reknar som sentrum i Manger, men har likevel ein ugunstig plassering med tanke på allmenn ferdsle i sentrumsområdet. Nye brukarar og tilreisande har problem med å finne biblioteket, og vi får jamnleg tilbakemeldingar frå publikum om at biblioteket ligg litt for «avsidet» og at det burde ligge oppe i sjølve sentrumsområdet.

Universell tilgong

Samstundes har biblioteket problem med universell tilgong. Automatiserte inngangsfunksjonar med tanke på rullestolbrukarar er på plass, med det står att problem inne i sjølve bibliotekslokalet. Barneavdelinga er berre tilgjengeleg via ein bratt smal trapp, og

brukarar med fysiske funksjonshemmingar har problem med å bruke den. Det er også problem med plassering av til dømes barnevogner. Då trappa er for smal, er det ikkje muleg å sette på plass trappeheis.

Automatiserte utlånssystem

Det er førebels ikkje gjort naudsynte moderniseringar/investeringar i Radøy bibliotek i høve til automatiserte utlånssystem/utlånsautomat. Brukarane er framleis avhengige av utlån/innlevering via skrankebetjening.

Meiroke bibliotek

Når det gjeld meiroke bibliotek; eit bibliotek der brukarane etter skriftleg avtale kan låse seg inn i biblioteket utanom opningsid ved å nytte eit nøkkelkort, er den noverande plasseringa av biblioteket ikkje gunstig. Biblioteket ligg i bakkant av ungdomsskulen, med tilgong berre via ein trong relativt mørk passasje og mange vil kvie seg for å nytte det aleine på kveldstid. At bibliotekslokalet ligg i eit skulebygg og har mange dørar ut til skulen sine lokale, er heller ikkje gunstig i denne samanhengen.

Meiroke bibliotek blir eit viktig steg framover når det gjeld bruken av biblioteket, ikkje minst for studentar eller andre som treng bibliotekstenestene utanom ordinær opningstid.

Barneavdelinga og ungdomsavdelinga

Eit av satsingområda til biblioteka ar barn og unge. Godt tilpassa rom der ungane eller ungdomane kan treffast, eller drive med ulike aktivitetar, er viktige i denne samanhengen. Også gode digitale tenester bør vere tilgjengelege.

Slik stoda er no, er både barneavdelinga og ungdomsavdelinga for små. Kolflåt-utstillinga som no står i barneavdelinga, tar mykje av arealet der. I tillegg er det problem med tilgong (se over) I ungdomsavdelinga manglar det plass til område der dei unge kan slå seg ned og vere på eigne premisser. Sjølv om dei no har fått sin eigen stad, Ungdomsklubben i Radøyhallen, er det også viktig for denne gruppa å få ei positiv oppleving av kva eit bibliotek er, og kva det har å tilby. Nokre av ønska frå ungdomar som er spurt, er komfortable «slå seg ned» plassar i biblioteket der dei kan samlast, og tilgong til stillerom der ein kan lese, gjere lekser etter skuletid osv.

Når det gjeld digitale tilbod/aktivitetar, har det ikkje vore satsa på dette feltet i Radøy bibliotek så langt. Dette skuldast m.a. trange budsjett. Men skal biblioteket kunne bli ein plass barn og ungdom finn attraktivt og relevant, må det i auka grad også setjast søkelys på desse tenestene i åra fremover.

Det nye Radøy

Storkommunen Nordhordland.

Radøy kommune er igong med tilpassinga til den nye storkommunen og det er naturleg å stake ut ein veg vidare mellom anna på kulturområdet. Her spelar biblioteket ein viktig rolle.

Dei to kommunane Radøy no skal samarbeide med, er allereide kome langt i moderniseringa av bibliotekstenestene. Dei lanserte våren-2016 «Strilabiblioteket» som er ein samordna

biblioteksteneste der biblioteket på Frekhaug i stor grad er eit biblioteket med skjønnlitterært innhald og biblioteket i Knarvik eit bibliotek med vekt på formidling av faglitteratur. Meland og Lindås kommune har lagt inn ein eigenandel på til saman 1 million (500 000 i arbeidsinnsats og 500 000 i direkte midlar) for å få dei to biblioteka «opp å gå». Resten av finansieringa har gått gjennom prosjektmidlar frå Hordaland fylke og Nasjonalbiblioteket.

I åra fremover skal Radøy bibliotek bli ein integrert del av Strilabiblioteket. Korleis? Kva krevst av biblioteket på Manger for at der skal vere legitime grunnar for ikkje å legge det ned, men la det bli tredje Strilabiblioteket i den nye storkommunen?

Som vist over, er den naudsynte moderniseringa av Radøy bibliotek førebels ikkje gjort. Skal biblioteket på Manger kunne overleva må dette takast tak i. Men då må det sjåast i ein litt større samanheng.

Treffpunkt Manger

Manger er no definert som eit av to nærsentra i Radøy-regionen. Eit levande sentrum krev plassar der innbyggjarane kan møtast, også uformelt og utan at det kostar. Biblioteka ber i seg eit potensiale for slike menneskemøte. Men då må biblioteket vere synleg, og lett tilgjengeleg! Ei omplassering av biblioteket nærare dei mest sentrale sentrumsområda kan vere ei løysing. At publikum lett kan finne biblioteket om dei har konkrete ærend dit, eller berre ventar på bussen eller treng ein stad å gå inn for ei stund, er ein føresetnad for at biblioteket skal bli ein plass innbyggjarane i Radøy-området reknar med. Vert biblioteket synleg i uterommet, vil også tenestene det tilbyr publikum, bli meir synlege! Å kunne ta seg ein tur i biblioteket, lese avisa, finne seg ein kaffikopp- Ikkje dei viktigaste grunngevingane for biblioteka sin eksistens, men viktige nok når ein skal legge grunnlaget for eit moderne sentrumsområde med moderne bibliotekstenester!

Green Box Radøy

Ei eventuell ny fysisk plassering av Radøy bibliotek opp i sentrumsområdet krev rommelege lokale. Dette fordi tenestene er mange og ulike, og nokre av dei krev god plass! Biblioteket disponerer i dag ca 500 kvadratmeter, men sjølv om digitale medier etter kvart erstattar ein del av dei analoge og dermed frigjer plass, vil kravet om rom for aktivitetar av mange slag og for ulike aldersgrupper gjere at arealbehovet ikkje vil bli mindre.

Biblioteket har dei siste åra tatt tak i kravet om å vere ein plass for kulturelle opplevingar, og har m.a. tilbode teaterframsyningar både for vaksne og barn. Men fordi det fysiske bibliotekslokalet slik det er no, ikkje er tilrettelagt for dette, inneber det mykje arbeid for dei tilsette frå gong til gong for å klargjere rommet til teaterbruk. Dette er også tilfellet kvar gong ein skal ha andre typer arrangement.

Kva med å tenke seg kultursalen i det lille formatet, «Green Box Radøy» som ein del av det moderniserte omplasserte biblioteket? Det store regionale Kulturhuset i Knarvik vil nok komme etter kvart som den nye kommunen tek form. Men dei små kommunesentra vil nok også komme til å ha trong for kvar sine mindre kulturhus. Kvifor ikkje tenkje litteraturhus og kulturhus under eitt? Eit rom/sal i det lille formatet, men med det naudsynte utstyret, som med enkle handegrep kan nyttast både til teater, føredrag, forfattarbesøk, språkkafé, opplegg i regi av Ungdomsklubben, småkonsertar, kunstutstillingar..... Eit Green Box Radøy, enkelt og rimeleg utforma og som kan disponerast av biblioteket, men som også kan lånast/leiest ut også til lag og organisasjonar i Radøy? Eit moderne sentrum krev ein kulturell møteplass!

Ein kulturell smeltedigel

Radøy har teke imot mange flyktingar, asylsøkjjarar og arbeidsinvandrarar dei siste åra og fleire vil nok komme til våre område. Ein del av desse har teke kontakt med biblioteket for å få hjelp av ulike slag, men enno fleire kunne ha vore hjelpne. Ei flytting av bibliotekslokalet til ein meir synleg plass ville kunne gjere terskelen for å ta kontakt lågare. Å gjere biblioteket til ein møteplass også for desse innbyggjarane, må vere eit mål. Å stikke innom på ein Språkkafé som ligg i nærleiken av butikkar og der ein elles ferdast, treng ikkje så mykje tiltak frå den einskilde. Ei styrking av biblioteket sitt mediebudsjett for auka innkjøp av språkkurs og anna som denne gruppa treng, ligg også som ein premiss.

Radøy Ungdomsskule og biblioteket

Radøy ungdomsskule har dei siste åra ikkje hatt ressurs til eiga biblioteksansvarleg for skulesamanhang. Det har likevel vore eit fast samarbeid mellom skulen og biblioteket i form av faste lånatimar for elevane, open tilgong til bibliotekslokala når lærarar eller elevar treng det i faglege samanhengar, og ulike lesestimuleringstiltak for elevane organiserte av biblioteket.

I periodar har skulen hatt trong for meir areal til eiga bruk. Eit ønske frå skulen har vore rom til elevkantine. Eit anna har vore fleire grupperom og lagringsrom.

Ei flytting av biblioteket opp i sjølve sentrumsområdet, vil frigjere plass til ungdomsskulen sine egne behov. Samstundes vil ikkje tenestene til elevar/lærarar verte forringa. Tvert om. Gåavstand til eit eventuelt omplassert bibliotek vil vere kurant, og dei faste ordningane biblioteket no har med skulen, skal fortsetje. I tillegg ville lærarar i eit «merope» system, kunne ta med seg klassen til biblioteket uavhengig av opningstider. Ei større ungdomsavdeling, med meir moderne digitale tenester, vil også gjere tilhøva for elevane betre.

Samplasseringa med ungdomsskulen har så langt vore nyttig, men sett i lys av auka fokus på tilgjenge også for andre brukargrupper med andre behov, er kanskje tida inne til å vurdere tenestene på nytt. Dette gjeld særleg opningstidene på dagtid. Biblioteket har til no ikkje sett seg tent med å utvide opningstidene på dagtid då det naturleg nok blir ein del støy i lokala i skuletida. Med ei anna plassering av biblioteket, vil dette bli eit mindre problem og ein kan vurdere meir opningstid for publikum på føremiddag.

Når det gjeld det generelle samarbeidet med skulane i Radøy, vil det fortsetje som tidlegare, samstundes som biblioteket vil sjå på moglegheiter for å styrke skulebiblioteka ytterlegare.

Oppsummering

Radøy kommune er i endring og dette krev at Radøy bibliotek må sjåast i ein ny samanhang. Eit modernisert og omplassert Radøy bibliotek (les Strilabibliotek) vil gjere biblioteket til ein moderne møteplass i eit attraktivt og veksande Manger sentrum. Skal Radøy bibliotek bli verande som det er no og kanskje etter noke år bli rasjonalisert vekk i ein storkommune, som allereide har to oppegåande bibliotek? Dette er det opp til politikarane i Radøy å avgjere!